




# PLAN FOR FØRSKULEGRUPPA



**LÆRING GJENNOM  
LEIK**

# 1. INNHOLD

1. Innhold .....	2
2. Innleiing .....	3
3. Mål for arbeidet: .....	4
4. Teoridel: .....	5
5. Metodisk opplegg: .....	9
6. Stopp punkt: .....	13
7. Organisering av 5 års klubben/ førskulegruppa: .....	14

## 2. INNLEIING

Dei svake resultatane på nasjonale prøvar har satt fokus på leseferdigheit i Bjørnafjorden kommune. Skulane har utarbeida ein leseplan for kvalitetssikring i leseopplæringa. Som kommune er vi opptatt av å skape samanheng og utvikling i arbeidet frå barnehage og over i skulen. Vi ønskjer å legge til rette for eit systematisk og forpliktande arbeid retta mot språk og lese- og skriveførebuande aktivitetar i alle våre barnehagar. Vi ønskjer eit felles fokus både i barnehage og skule for å kvalitetssikre barn sine lese og skriveferdigheiter.

Vi har utarbeida eit metodisk opplegg for siste barnehageår med nokre utvalde områder, som vi ønskjer at barnehagane skal bruke. Opplegget må ikkje fyljast slik det er satt opp, og barnehagane har sjølv mange flotte tiltak og aktivitetar som er viktig at dei forsette med og utviklar vidare. **Det vert forventa** at dei utvalde fokusområda vert jobba med, og at stopp punkta med kartlegging vert brukt, for å fange opp barn som trengjer vidare oppfølging. Der pedagogane ser at barn treng ekstra oppfølging, skal barnehagen sette inn tiltak for å optimalisera barnet si utvikling og meistring. Informasjon frå observasjonane under kartlegginga, skal takast med i våre overføringsrutinar når barna begynner på skulen. Dette vert gjort via overføringsskjema som vert lagt fram på foreldresamtalen om våren. Dersom føresette samtykka vert informasjonen i overføringsskjema munnleg overført til skulen. Skjema vert arkivert i barnemappa i barnehagen.

Det har vore nedsett ei arbeidsgruppe som har utarbeida denne planen ; Læring gjennom lek.

### I arbeidsgruppa har fylgjande vore medlemmar:

- Janne Gjøen Opsal, pedagogisk leiar, Trollskogen
- Anne-Brit Bolstad, pedagogisk leiar Holdhus
- Terese Hjartholm, pedagogisk leiar Lysekloster
- Kjersti Lyssand Haugland, pedagogisk leiar Os

Heftet er ført i pennen av Irene Kvåle Foer, fagsjef kommunale barnehagar,

Det er mange gode ferdig materiell som gjev eit godt grunnlag for lese og skriveinnlæring. Vi anbefalar fylgjande materiell som alle følger ein god progresjon m.h.t språkinnlæring og trening før lese- og skriveinnlæring;

- **Leikbasert læring**; Ingunn Størksen med fleir; eit forskningsbasert førskuleopplegg.
- **Språksprell**, Elsbakk og Valle ; metodiske språkleiker for 4- 6 åringer.
- **Språkleik 1**, Rydja og Strand; stimulerande språkøvingar i barnehagen.
- **Språklek 2**, Rydja og Strand; morosame språkøvingar i barnehagen, eit metodisk hefte med ferdige samlingar med fokus på språkleg bevisstheit og ord/begreper. Anbefalt for 5 åringene.
- **Språkleik med eventyr**, Rydja og Strand; 13 ulike eventyr og forteljingar, eit metodisk hefte med ferdige samlingar med aktivitetar som rim, regler, songar og bilete til dramatisering.

Vi ønsker lykke til med det viktige arbeidet i barnehagen. De legg grunnlaget for barna si utvikling vidare i skulen.

### 3. MÅL FOR ARBEIDET:

#### 2.1 Mål:

- Vi skal gje gode vilkår for bruk av språket i samspel mellom barn og vaksne
- Vi skal gje dei beste vilkår for utvikling av språk, og førebuande lese- og skriveferdigheiter.
- Vi skal gje barn glede og interesse for bøker, og la barna få ta del i bøkene og fantasien sin verden.
- Vi skal gje barn mange sansemotoriske øvingar, slik at dei meistrar kroppen og opplever meistringsglede og tryggleik i sosiale og pedagogiske læringssituasjonar.

#### 2.2 Dei tilsette skal;

- Sikra at barna får varierte og positive erfaring med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking, og som uttrykk for eigne tankar og følelsar
- Gje rom for leik med språket
- Ver bevisst si vaksenrolle i arbeidet med språkleg utvikling
- Ha god kunnskap om korleis vi tilrettelegg for barn si språk- og motorisk utvikling, og lese/ skriveførebuande aktivitetar.
- Gje føresette hjelp til å vere bevisst si eiga rolle i arbeidet med språkstimulering
- Kjenne godt til opplegget med 5 åringane

#### Ord

Ord,ord,ord  
Kling i kor-  
Med ord  
Kan du laga  
Himmel og jord,  
Fuglar og dyr  
Og alt som kryr,  
kom skal me laga  
eit eventyr

Olav H. Hauge




## 4. TEORIDEL:

Denne planen er bygd opp ut i frå leikbasert læring. Det er eit forskings basert opplegg som er utvikla gjennom eit samarbeid mellom barnehagelærarar og forskar. Leikbasert læring er ein kombinasjon av fri leik og leikbaserte læringsaktivitetar tilrettelagt av vaksne. Studier viser at det slik barna lærer best.

### 3.1 Grunnmodellen

Trygge varme relasjonar dannar sirkelen ytst i modellen. Det er gjennom trygge varme relasjonar med andre barn og vaksne at barnet kan trivast, leike, utfalde seg og lære.

Modellen viser også dei fire områda vi veit er særleg avgjerande for at barn skal klare seg bra sosialt og fagleg på skulen. Det betyr ikkje at vi ikkje skal jobbe med andre fagområde i og utanfor førskulegruppa.



### 3.2 Pedagogiske prinsipp

#### Trygge, varme relasjonar

Barn er født sosiale og søker sosiale relasjonar heilt frå fødselen. Barn er heilt avhengige av å inngå i positive relasjonar med andre barn og vaksne. Det å inngå i trygge og omsorgsfulle relasjonar med vaksne i barnehagen er svært viktig for alle barn. Dei treng vaksne som er stabile og konsekvente og som hjelper dei med å organisera og setje ord på følelsar.

Barn treng også vaksne som legg til rette for opplevingar av meistring og som evner å dele deira begeistring. Desse sensitive og varme relasjonane er ikkje berre avgjerande for barn sin tryggleik og helse, det finstemte samspelet mellom barnet og den vaksne er med på å danne grunnlaget for barnet si kognitive utvikling.


Dette førskuleopplegget tar utgangspunkt i den autoritative vaksenstilen. Teori og forskning knytt til det autoritative perspektivet understrekar at barn treng vaksne som bygger varme og omsorgsfulle relasjonar til kvart enkelt barn, samtidig som dei set tydelege grenser. Vaksne som opptre tydeleg saman med barn, og viser dei respekt, varme og innleving, skapar optimale forutsetningar for utvikling.

#### Leikbasert læring:

Leikbasert læring framhevar både fri leik og rettleia leik som to former for leik som er særleg viktige. Det er stor semje både blant forskarar og i praksisfeltet om at barn i barnehagen lærer best gjennom leik, og at dei ikkje skal utsetjast for einseitig instruksjon frå vaksne.

Sjølvs om barn sin frie leik først og fremst oppstår fordi barn vil ha det morosamt saman, så veit vi som vaksne at fri leik er stimulerande for utviklinga deira på svært mange plan.

Nokre barn synest det er vanskeleg å komme i gang med leikaktivitetar saman med andre. Dei kan gjerne ha lyst til å leike, men veit ikkje kva dei skal gjere for å få innpass i leiken, eller dei er for beskjeden til å delta. Gjennom vaksne si deltaking, rettleiing og støtte, og gjennom kvardagslege leikbaserte aktivitetar får alle barn moglegheit å aktivt delta, utforske og lære saman med andre barn .



### 3.3 Bli kjent med kjerneområda:


#### Sosial kompetanse:

Barn treng sosial kompetanse for å leike og vere saman. Trygge barn kan fortelje kva dei meiner og vil, samtidig som dei kan sette seg inn i andre sine behov.

Ofte seier ein at dei fem viktigaste ferdigheitene barn må meistre for å vise sosial kompetanse er

- Samarbeid
- Sjølvkontroll
- Sjølvhevdning
- Ansvarlegheit
- Empati

Det er balansen mellom alle desse områda som utgjør sosial kompetanse.




### 3.4 Språk:

Barn treng språk for å setje ord på opplevingar og følelsar, for å forstå forteljingar og for å samspele og leike med andre.

Rolleleiken er ein vesentleg del av barnehagebarnet sitt liv, og denne leiken er også svært viktig for barn si språkutvikling. I rolleleiken må barn ha kompetanse innan språket sitt innhald for å forstå meninga i planlegging og forløp. Barna må kunne bruke språket, lytte, tolke og svare, og dei må formulere seg og bygge opp setningar som passer til situasjonar og som er forståelege for dei andre barna.

Barn utviklar språket sitt gjennom leiken og i barnehagedagen sine mange kvardagssituasjonar kor barn og vaksne samspelar og bruker språket saman. I tillegg til at vaksne i barnehagen er bevisst på moglegheiter for språkstimulering i kvardagssituasjonar, vil systematisk arbeid med språk kunne bidra til engasjement, fellesskap og språkutvikling hos barna.

#### Språkhuset



### 3.5 Sjølvregering:

Sjølvregering hjelper barna å tenkje før dei handlar, og er viktig for fagleg og sosial utvikling.

Sjølvregering inneberer bruk av fleksibel merksemd, arbeidsminne (det å huske og bearbeida informasjon i tankane) og impuls kontroll. Utvikling av desse områda er nært knytt til hjernen sin modning, men vert også påverka av det miljøet barnet er ein del av.

#### Sjølvregeringsleikar

Dei fleste regelleikar og spel stimulerer sjølvregering, fordi barna må bruke merksemd, arbeidsminne og impulshemming for å være med på leiken. Dei må rette merksemda mot det å lytte etter reglane i leiken, dei må huske forskjellige reglar, og for å holde seg til reglane må dei følge godt med. Dei må dessutan ofte vente på tur – noko som krev impulshemming. Barnet får ei oppleving av at det er verdt å vente på tur når dei får gjennomføre ein morosam aktivitet.

Fri leik, som klatring, springing eller rollespel, krev at barnet må bruke sjølvregering for å tilpasse seg andre barn sine ønsker og innspel og avpasse bevegelsar etter fysiske rammer i omgjevnaden. Idrettsaktivitetar, som fotball, ballspel, dans og symjing, stimulerer sjølvregering ved at barna må utføre heilt bestemte kroppslege bevegelsar og halde seg til reglane.



Ein kombinasjon av fri leik og leikar der den vaksne set i gang og rettleiar er svært gunstig for utvikling av sjølvregulering. For at leikane skal stimulera sjølvregulering må barna stadig få møte nye, morosame utfordringar. Barna skal også få oppleve avslapping og avspenning i barnehagen, og kjenner på gleda av positiv berøring. Dette kan bidra til å redusera stress, som igjen kan virke positivt inn på barn si evne til sjølvregulering, ved at kapasiteten til å bruke merksemd, arbeidsminne og impuls kontroll vert auka.

### 3.6 Realfag og matematikk

Gjennom rettleia leik blir barna kjent med aktivitetar og materiell som stimulerar til forståing for realfag og matematikk.

I faglitteraturen snakkar ein om utforsking (inquiry) som ein måte å lære på. Læring skjer ved at barna undersøker og eksperimentera. Når barn bruker materiell som klossar og terningar, ser ein ofte at dei spontant set i gang med bygging og teljing, og gjennom slike aktivitetar finn dei samanhengar og mening. Saman med andre barn og vaksne studera dei ulike problemstillingar og lærer undervegs i prosessen.



Det er ein nær samanheng mellom matematikk og språk. Faktisk er det slik at matematikk kan sjåast på som eit eige språk. Vi treng også språket for å reflektera og kommunisera med kvarandre om matematiske utfordringar og mogelege løysningar. Det handlar også om å stille spørsmål, resonnera, argumentera og søkje løysningar. Matematikk heng tett saman med realfag. Vi skal gje barna eit mangfald av naturopplevingar og la barna oppleve naturen som arena for leik og læring. Vi skal saman med barna vere nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, oppleve tilhøyring til naturen og gjere erfaringar med bruk av teknologi og reiskapar. Språket er viktig i forhold til å stille gode opne og undrande spørsmål. Det er viktig å ta i bruk varierte læringsarena som t.d skogen, strand og uteområdet.





## 5. Metodisk opplegg:

### 4.1 Kommunikasjon

Ein viktig del av det språklege samspelet i barnehagen er knytt til den uformelle læringa. I den daglege omsorga og i kvardagsaktivitetar kan den vaksne nytta mange ulike situasjonar til å ha samtalar med kvart enkelt barn. Gjennom kvardagsaktivitetar kan ein styrke barna sitt språk og omgrepsapparat. Dei vaksne må nytte alle anledningar for samtale, forklaring, assosiering, klassifisering, kategorisering, rim, spontan song og leik.

#### Eksemplar på dette kan være;

- På og avkleiding/stellesituasjonar; Lære namn på kler, skotøy, fargar, korleis dei vert brukt og sortering etter kor dei høyrer til. Samtale om kroppen, kroppsdelar og sansar.
- Å dekke bord, der vi kan sortere, klassifisere og øve på tal/omgrep
- I rydde situasjonar inne og ute, klassifisere, lære omgrep som først, sist, framfor, bak, ved sida av, fargar o.s.v.

I tillegg til kvardagssituasjonane vil det vere temaopplegg spesielt for 5-åringene, eit for kvar måned. I dette arbeidet er **kommunikasjon** veldig viktig. Barna skal leike, oppleve og ta del i arbeidet. Dei skal kommunisera med dei vaksne og med kvarandre slik at dei opplever eit fellesskap. Heile sanseapparatet skal takast i bruk; syn, høyrsel, lukt, smak, og følelsar. Det er heilt avgjerande at den vaksne er aktiv og tar initiativ til samtale med barna. Idear kan de finne på side 1 i idébank for det metodiske opplegget.

### 4.2 Leik med språket

Vi må gje rom for den skapande språklege fantasien til barna. Dei vaksne må ha så mykje kunnskap om barn sitt språk, at dei får ein felles forståing av korleis dei kan stimulera barna til å bruke språket. Det må leggest vekt på den munnlege forteljing i barnehagen. Det oppstår eit fellesskap mellom den som fortel og dei som lyttar. Det stimulera til fantasi og kreativitet, og barna lærer seg å lytte. Augekontakt og bruk av språket er viktig. Når barna har høyrte ei forteljing, kan de gjenfortelje, der dei øver seg på å huske, som er avgjerande for læreevna. Det er og greitt å ta i bruk flanellograf, dokker og eventyrposar, smartboard tavle.

Akka bakka  
Bonka rakka  
Etna metla  
Sjong dong  
Fili fong  
Issa bissa  
Topp stopp

Ole dole doff  
Kikeliane koff  
Koffeliane  
Birkebane  
Ole dole doff

### 4.3 Auditiv og visuell evne

God auditiv og visuell evne er viktig i forbindelse med begynner opplæringa i lesing. Fleire forskarar framhev dette som kritiske faktorar i forbindelse med leseinnlæringa (Odd Haugstad). Ein del barn har problem med å skilje mellom ulike typar auditiv informasjon. Barna må lære å skilje mellom auditive nyanser, og å huske lydane dei har høyrte. Vi må arbeide med å gjere barna merksam på lyd. Vi skal også fokusera på barna si visuelle diskriminasjons evne, og øve på det visuelle minnespennet.

### 4.4 Leike skriving og leikelesing

Leike skriving og leikelesing er viktig for skriftspråkstimuleringa. Når vi arbeidar med dette i barnehagen, gjev vi barna erfaringar med og synleggjere skriftleg kommunikasjon. Barna skal møte skriftspråket på ei leikeprega måte, der barna blir nysgjerrige og dei vert oppfordra til å bruke skriftspråket. Vi må lese saman med barnet. Barnet skal få sjå leseretning, skrifta, setningane, orda

og bokstavane. Les bøkene fleire gonger. På den måten lærer dei fraser og heile fortellingar utanåt, og ved repetisjon er det lettare for barn å sjå samanheng mellom skrift og tale.

#### 4.5 Rim, reglar og ellingar

Rim og reglar/ellingar, og rytmisk lek med språket har lang tradisjon og er en del av vår kulturarv. Å leike med reglar skapar bevisstheit om språket som har ei avgjerande betydning for at barnet kommer i gang med lesing. Å leike med reglar og rim er med på å gjere barna bevisst på lydforskjeller i språket vårt, og er med på å auke lydoppmerksom og evna til å skilje mellom ulike lydar (fonem). For å oppfatte rim, må man lytte til korleis orda høyrast ut i staden for å tenkje på kva dei betyr. Forsking visar at evne til å rime allereie i tre-årsalder har nær samanheng med seinare leseferdighet. (Bradley, Bryant og medarbeidarar 1989). Barna er også veldig glad i rim og reglar, samtidig som det formidlar aktivitet, lydstruktur, rytme og tonelag i språket. Vi skal jobbe med rim, reglar og ellingar, stavingar, lytte ut lydar, korleis danne lyder, Rim og reglar må brukast gjennom hele barnehagekvardagen, men vi skal ha ein ekstra innsats på dette det siste året. Barnehagen veljar ut sine vers, rim, reglar og ellingar dei ønskjer å bruke. Barna kan også laga si eiga rimebok. Ein kan ha rim/ reglar/ellingar i ei «magisk eske» eller «hemmeleg pose», som er med i alle samlingar. Her har ein små kort med rim og reglar som ein trekk opp av eska/posen og les/seier høgt. Gjentaking er viktig.

Pille,pille pute  
Skjorta henger ute.  
Pille, pille pang  
Buksa er for trang.

#### 4.6 Rytme og stavingar

Å ha ein god språkrytme er viktig både for talespråket og skriftspråket. Øvingar her bidrar til god uttale, evne til rettskriving ved at alle bokstavar og stavingar blir med, samt god setningsstruktur. Eks. å klappe ord, stavingar i ord, setningar, songar, vers o.s.v. (Språksprell har slike øvingar og anbefalast frå 4 år) Staving er med på å øva opp barnas fonologiske bevisstheit, det vil seie evna til å oppfatte og utnytte informasjon om språkets lydmessige struktur eller oppbygging. Det er viktig at barna tileigne seg forståinga av at ord er bygget opp av fleire språk lydar. Denne ferdigheten bør være godt utvikla når barnet skal begynne med skriftspråket utan å møte vanske.



#### 4.7 Framlyd og siste-lyd i ord

##### Framlyd.

Her fortsett leiken med enda mindre einingar i språket, og vi utforskar første lyd i ulike ord (lyd og ikkje bokstav). Det er viktig å starte med lydar som man høyrer godt. Vi kan ha enkle ord og leiker med lyder som f.eks å lytte ut ord som begynner på lyden S. Kva lyd begynner barnas namn med, første lyd på ting i rommet o.s.v. Speil øvingar er veldig lærerikt i denne samanhengen, og er med på å bevisstgjere barna på korleis dei brukar og formar tunge og munn. Vi snakkar om det var ein kort eller lang lyd. Her kan man også bruke enkle munnleikar, der munnen er eit hus og tunga brukast til å

vaska husets tak, golv og vegger, (Eks. bak i boka) Her kan ein også bruke sugerøyr for å blåsa ein liten ball, blåsa boblar og lage ulike ansikts uttrykk (sint, sur, glad, lei seg m.m).

Fokusering på det artikulatiske lagrar kvar lyd betre i barnas medvit, og er til stor nytte når dei seinare skal lære å lese og skrive **I-lyden**: Den vaksne startar f.eks med å si iiiiii og det er nokre som har fjær på hovud og kan skyte med pil og bue. Husk å overdriva første lyden. Deretter skal barna finne ut kva ord ein tenkjer på (indianar) Når barna har funnet ut ordet indianar, så seier ein det saman iiiiiiindianer. Be barna sjå på munnen til kvarandre, ev bruk speil mens de seier iiiiii. Snakk om kordan vi heldar tunga, er tunga borti tennene, korleis ser leppene ut, be barna legge handa på strupen for å kjenne om det dirrar, (om lyden er stemt) når de lager i-lyden. Forsett med nye ord som begynner på I. På same måte kan ein ta for seg **O-lyden, S-lyden, A-lyden**.

### Siste lyd

Siste lyd kan ein introdusera og jobbe med når ein har arbeida ei stund med første lyden i ordet. Ein må væra merksam på at den siste lyden er meir vanskeleg å høyre enn første lyden i eit ord. Så her er det viktig å vurderer om barna er klar for å jobbe med siste lyden. Om ikkje, så arbeidar ein meir med første lyden eller repeterer andre leikar og aktivitetar. Skal ein ha aktivitetar med siste lyd, så er det veldig viktig med mykje hjelp og støtte. Her kan man bruke tilsvarende leiker/aktivitetar som står under framlyd, og tilpassa det slik at vi jobbar med siste lyd. Songen «Tre små kinesarar» er veldig fin å bruke når ein jobbar med siste lyd, da den kan syngje med at ein sluttar alle ord på same vokal, f.eks «Tri, smi, kinisiri pi...» , og «Trø, smø, kønøsørø pø....»

### 4.8 Ord og setningar

Talespråket vårt består av ord og setningar, men de fleste barn har ikkje et bevisst forhold til kva eit ord eller en setning er. Dei oppfattar prating som ein einaste lang strøym av lyd, og ikkje enkeltstående ord som saman bygger ein setning. Det er viktig at barna får et forhold til kva ein setning og eit ord er. Erfaring viser at det er forholdsvis lett for barna å bli fortrulege med begge disse skriftspråktermene (ord og setning), dersom ein knytte bevisstgjeringa til ein skriftleg tekst (Bente E. Hagtvedt 1992). Ein kan da vise at lange ord har mange bokstavar, mens korte ord har få bokstavar. Ein lang setning har mange ord o.s.v. Når bokstavar, ord og setningar får et fysisk visuelt uttrykk, samtidig som det lesast av den vaksne, blir det enklare for barna å forstå at lyd straumen som kjem ut av munnen, kan inndelast i mindre einingar som setningar, ord, stavingar og enkeltlyder. Barna kan sjå at setningsgrenser markerast med punktum, ordgrenser med mellomrom, at lange ord består av mange bokstaver og korte ord av få bokstaver. Her kan ein også jobbe med samansette ord.

Sammensatte ord	fiske	kake	lekse	hjelp
	hogg	orm	rov	dyr
plante	eter	sommer	under	
jule	gave	ferie	bukse	

### 4.9 Ordforråd / Omgrep

Utvikling av ordforråd og omgrep er heilt sentralt gjennom heile barnehagetida. Å kunne samanlikne, sjå likskap og forskjell ,og kunne sortera og dele ord inn i grupper etter eigenskap og bruksområde, er viktig. Siste året har vi følgjande fokus;

- Omgrep om skule
- Omgrep om venner
- Omgrep om følelsar

- Tall- form- farge- og størrelses omgrep
- Plasseringsomgrep som over, under framfor, bak, gjennom, først, sist
- Månad, vekedagar, årstider. I denne forbindelse setter vi opp en ordbank innanfor kvart tema som er målet at barna kan. Ord banken sorterast som overordna og underordna omgrep. Omgrepa må brukast bevisst av dei vaksne i mange samanhengar, og barna må bli kjent med omgrepa ved bruk av bilete, bøker, tekster, egne erfaringar, oppgåver og gjennom verktøy som f.eks tankekart, Y-diagram.

#### 4.10 Høgtlesing

Høgtlesing kan skape eit godt grunnlag for samtale med vaksne og barn og gje grunnlag for gode opplevingar Det gjev grunnlag for dialog om tittel, forventningar til kva som skjer, omgrep m.m. Bøker vi vel skal gje rom for drama og leik, og her er den vaksne viktig for å sette i gang,

- Høgtlesing skal vere fast innslag i 5 årsgruppa
- Les gjerne ei fortsetjings bok der det er mogleg å repetere innhald
- Vær kritisk til val av bok med omsyn til alder
- Boka skal gje handling som skaper identitet og opplevingar, gjerne med spenning, humor

Vi ønsker å skape gode haldningar og erfaring med barnebøker, og barnehagane skal ha fokus på dette også ovanfor foreldre. Dette skal være tema på foreldremøte. Målet er at foreldre er bevisst på bruk av bøker i barna sitt liv og språkutvikling.



#### 4.11 Motorikk

Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barn verden og seg sjølv å kjenne. Gjennom sanseintrykk og bevegelse skaffar barn seg erfaringar, ferdigheiter og kunnskap på ulike måtar. Bevegelsane sender impulsar til hjernen og bidrar til at språkområda vert utvikla. Sansemotorikk er derfor viktig for utvikling av språk og språkleg kompetanse, og lese- og skriveopplæring.

#### Grovmotoriske aktivitetar

Grovmotorikk er dei store bevegelsane der vi har fokus på aktivitetar som krype, åle, hoppe, hinke, balansere, henge, klatre, springe, sykle, krysse midtlinje og handtere ball. Ein viktig motorisk ferdighet er å kunne krysse kroppen si midtlinje.

Kroppen må øvast opp gjennom bevegelse til å fungere som ein heilheit. Det vil sei at høgre arm skal kunne utføre aktivitetar på venstre side av kroppen og venstre på høyre side. Det vil vera på same måte med beina.

### **Finmotorikk og skriveførebuande aktivitet**

Finmotorikk er dei små bevegelsane som gjer handa og fingrane til et veldig nøyaktig instrument. Disse bevegelsane innlæres på same måte som de grovmotoriske bevegelsane. Motorikken som styrer øye, munn og ansiktsmusklane definerast også som finmotorikk. For å få kontroll med dei finmotoriske bevegelsane, må barna gjere bruk av ulike reiskap, utstyr og materiell.

Ved å arbeide med finmotoriske aktivitetar øvast barna til å legge merke til kor ting er i forhold til kvarandre, på lese- og skriveretning, rett blyantgrep og øye-handkoordinering. Her er bl.a. øvingar med fingerbevegelsar, taktil og kinetisk persepsjon viktig, og vi må styrke stabilitet og kraft i hendene. Barna må få rik erfaring i øye-handkoordinering og eit tosidig samarbeid mellom hendene.

Det er viktig før skulestart at barnet har utvikla ein klar handdominans. Det er bl.a. enklare for hjernen å oppfatte og kopiere former når man haldar skrivereiskap i same hand kvar gang. Det må også være eit mål at barna har lært seg blyantgrep før dei begynnar på skulen, da det viser seg at det blir veldig vanskeleg å endre grep etter de har begynt der. Finmotorikken må være på plass, før vi kan forvente at barna kan lære seg å skrive bokstavar.

### **4.12 Rolleleik/drama**

Rolleleik er ein naturleg og viktig uttrykksform for små barn. Leiken er grunnleggande læring i barn sitt liv og ein skuleførebuande aktivitet. Vi må sikre at barna får oppleve rolleleik og meistre dette. Når barn møter eller opplever konkrete ting, hendingar og situasjonar, vil dei ofte gjenta det, kopiere eller leike desse opplevingane i rolleleken. I leiken er barnet både dramatikar, iscenesettar, forteljar, skodespelar og sitt eige publikum i ein og same leik. Vi skal gjennom heile barnehagetida gje tid og rom for rolleleik, der vi tilsette er aktive med å leggja til rette av utstyr, som observatørar og deltagare. Dette for å sjå at alle tar del i rolleleik og meistrar dette.



## **6. STOPP PUNKT:**

Vi gjennomfører stopp punkt for å finne ut barna si modning innanfor dei områda som er viktig for språk og motorisk utvikling (dei områda vi har valt som grunnleggande områder forut for lese og skriveinnlæring). Kartlegging er viktig for å fange opp barn som meistrar oppgåvene og kven som trenger meir trening og erfaring. Når vi får oversikt, er det viktig med ei bevisst tilrettelegging for å trene og stimulera barna slik at dei kjem lengst mogeleg i sin utvikling. Det er sjølvstakt viktig å bygge vidare på barna sine sterke sider. Etter kvart som barna meistrar dei ulike oppgåvene, så vert dette skrive inn på skjema.



Alle barnehagar gjennomfører ein overgangssamtale med skulen for å sikre ein trygg og god overgang. Føresette samtykker til kva for informasjon som skal overførast.

- Stopp punkt i september:** Teikneoppgåve
- Stopp punkt i oktober;** Rytme, skjema  
Grovmotorikk, skjema
- Stopp punkt i februar;** Finmotorikk, skjema  
Papir og blyantoppgåve, skjema  
Riming, skjema  
Dette kan eg..., skjema
- Stopp punkt i mai;** Teikneoppgåve vert tatt på nytt

## **7. ORGANISERING AV 5 ÅRS KLUBBEN/ FØRSKULEGRUPPA:**

Det skal setjast av ein fast dag (minimum 4 timar) der førskulebarna vert samla, slik at det kan leggst opp til allsidige aktivitetar for denne gruppa, både i forhold til leik, tur, motorikk, språk og skuleførebuande aktivitetar.

- Fast rom/plass og fast tid per veke
- Fast oppstart med namne song/goddag song
- Fast avslutning med ein "ha det bra" song, "takk for i dag" song e.l.
- kvar sin perm,
- Følg årshjul; metodisk opplegg.

### **Innhald i foreldremøte om hausten med rektor frå skule;**

1. Praktiske opplysningar
2. Kort om kva rammeplanen seier om språkutvikling/språkstimulering
3. Korleis jobbar barnehagen med 5 åringane;
  - organisering
  - innhald
4. Forventningar til kva foreldre bør ha fokus på saman med barna sine;
  - spele spel; øve å tape og vinne.
  - øve på å bli sjølvstendig i toalettsituasjon
  - lese for barna
  - øve på å venta på tur
  - synge med barna
  - øve på rim og regler
  - gje oppgåver heim; få og ta ansvar.
  - setje ord på alt vi møter og opplever i kvardagen.
  - opne og lukke sekk.
  - Øve på av – og påkledning.
  - Øve på etternamn, adresse og fødselsdato.





# Metodisk opplegg - førskulegruppa

<b>September</b>	<p><b>Sosial kompetanse</b> i tråd med program ein bruker i barnehagen (<i>Være sammen, Steg for steg, De utrolige årene, Det er mitt valg</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Velkommen til 5 års klubb. Det er her vi høyrer til :)</li><li>• Markere oppstart med sertifikat /bevis</li><li>• Fokus på fellesskap og inkludering. Vi er ulike, har ulike kvalitetar og utfordringar. Vi skal være snille og gode med kvarandre. Lage vennereglar</li><li>• Fast ramme for oppstart: avspenning til musikk, innhald og avslutning.</li><li>• Henge opp fellesbilde/portrettbilde</li><li>• Lage framside på perm</li><li>• Brettspel- «Hei spillet»</li></ul> <p><b>Språk:</b> (<i>Språksprell, språkleik, språkstien, snakkepakken</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Dialogisk lesing- bøker om vennskap</li><li>• Munnmotorikk</li><li>• Lytteleikar- auditiv merksemdstrening mot ulike lydar.</li><li>• Stavingar- klappe namnet sitt</li><li>• Bruke instrument og musikk</li><li>• Namnet mitt- lese logografisk og jobbe med lydane</li></ul> <p><b>Sjølvregering:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Regelleikar med fokus på hukommelse: Eks Ferieleken- s.80 Kven har/kven er? S 91i boka Lekbasert læring</li></ul> <p><b>Realfag/Haust:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Fargar og tal</li><li>• Basisfargar- lage nye fargar</li><li>• Duploklossar som konkretar for antal/ tal</li><li>• Lage mat, plantefarging, sopptur</li><li>• Brannvernveka veke 38- opplegg kring dette</li></ul> <p>Fleire idear finn du i idebanken til det metodiske opplegget.</p> <p><b>Treffpunkt med skule</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Opprette kontakt og avtale samarbeidet for året. Lage årsplan.</li></ul>
<b>Oktober</b>	<p><b>Sosial kompetanse</b> i tråd med program ein bruker i barnehagen (<i>Være sammen, Steg for steg, De utrolige årene, Det er mitt valg</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Arbeid med vennskap og inkludering. Kva synes vi er vanskeleg?</li><li>• Stopp punkt og barnesamtalar ( i forkant av foreldresamtalar</li></ul> <p><b>Språk:</b> (<i>Språksprell, språkleik, språkstien, snakkepakken</i>)</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dialogisk lesing- bøker om venskap</li> <li>• Munnmotorikk</li> <li>• Rimeleikar</li> <li>• Stavingar, klappe og rytmeøvingar</li> <li>• Bruke instrument og musikk</li> <li>• Namnet mitt- lese logografisk og jobbe med lydane</li> </ul> <p><b>Sjølvsregulering:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Regelleik med fokus på å utføre oppgåve og høyre etter «Hermegåsa»- «Klar ferdig- gå- leiken» S. 82 og 83 i boka Lekbasert læring</li> </ul> <p><b>Realfag/ Haust</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kropp og helse- kroppsleg bevisstheit- tannpuss- hygiene- sunn mat</li> <li>• Fyrstehjelp- Opplegg med Henry</li> <li>• Gå tur, yoga</li> <li>• Lage haustsuppe</li> </ul> <p>Fleire idear finn du i idebanken til det metodiske opplegget.</p> <p><b>Treffpunkt med skule:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Invitere fjorårets førskulegruppe/ Besøk av 1 klasse</li> <li>• Skulen er med på foreldremøtet- Forventningsavklaring</li> </ul>
<p><b>November</b></p>	<p><b>Sosial kompetanse</b> i tråd med program ein bruker i barnehagen (<i>Være sammen, Steg for steg, De utrolige årene, Det er mitt valg</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Venneveka 48</li> <li>• Arbeide med følelsar: Kva er ein følelse? Mim ein følelse.</li> </ul> <p><b>Språk:</b> (<i>Språksprell, språkleik, språkstien, snakkepakken</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dialogisk lesing- bøker om følelsar</li> <li>• Munnmotorikk</li> <li>• Stavingar- klappe og trampe rytmeøvingar. Reglar, kjenn på rytmen i språket.</li> <li>• Namnet mitt- lese logografisk og jobbe med lydane</li> <li>• Bruke instrument og musikk</li> </ul> <p><b>Sjølvsregulering:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Regeleiker med fokus på å utføre oppgåver og høyre etter. Eks: «Rødt lys- grønt lys» s. 86, «Min hatt den har tre kanter» s. 81 i boka lekbasert læring</li> </ul> <p><b>Realfag/ Haust:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fysikk- gjere ulike forsøk, undring- <i>Sjå / legg inn link</i></li> </ul> <p>Fleire idear finn du i idebanken til det metodiske opplegget.</p>

<h2>Desember</h2>	<p><b>Sosial kompetanse</b> i tråd med program ein bruker i barnehagen (<i>Være sammen, Steg for steg, De utrolige årene, Det er mitt valg</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Om å være god mot andre</li> <li>• Sei fine ting om andre</li> </ul> <p><b>Språk</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dialogisk lesing: bøker om tema jul</li> <li>• Munnmotorikk</li> <li>• Særleg fokus på ord</li> </ul> <p><b>Sjølvregering</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Regelleikar med fokus på turtaking «Bjørnen sover, sneglen søv» s. 89 i boka Lekbasert læring</li> </ul> <p><b>Realfag</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rom og form</li> <li>• Kreativitet</li> </ul> <p>Fleire idear finn du i idebanken til det metodiske opplegget.</p>
<h2>Januar</h2>	<p><b>Sosial kompetanse</b> i tråd med program ein bruker i barnehagen (<i>Være sammen, Steg for steg, De utrolige årene, Det er mitt valg</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vennskap</li> </ul> <p><b>Språk:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dialogisk lesing, språkleg bevisstheit- særleg fokus på leik med omgrep</li> <li>• Munnmotorikk</li> <li>• «Grip omgrepa»- ressursverktøy</li> <li>• Øve på preposisjonar</li> <li>• Begrepstrening om vinter</li> <li>• Leike «Mitt skip er lasta med» s.72 Lekbasert læring</li> </ul> <p><b>Sjølvregering:</b> Fokus på avspenning</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Yoga</li> <li>• Avspenning til musikk- berøring (fjær, ball, hand)</li> <li>• Pizza masasje s.93 i Lekbasert læring</li> </ul> <p><b>Realfag:</b> Teknologi</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• IKT- smartboard- lpad-foto</li> <li>• Tekniske hjelpemiddel på kjøkken</li> <li>• Eksperimentere med varmluftsballong, fryse vatn m.m</li> </ul> <p><b>Treffpunkt med skulen:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• vi besøker skulen med 5- årsklubben</li> </ul> <p>Fleire idear finn du i idebanken til det metodiske opplegget.</p>
<h2>Februar</h2>	<p><b>Sosial kompetanse</b> i tråd med program ein bruker i barnehagen (<i>Være sammen, Steg for steg, De utrolige årene, Det er mitt valg</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mine følelsar</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leik; «Pepperkakemannen» s.35 i <i>Lekbasert læring</i></li> </ul> <p><b>Språk:</b> Dialogisk lesing, språkleg bevisstheit- særleg fokus på framlyd og stavelsar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Munnmotorikk. Klappeleiker og leik med stavingar- Rim og regler</li> <li>• Leik: «Mitt skip er lasta med» (første lyd) s. 72 <i>Lekbasert læring</i> «Eg tenker på» s.71 <i>Lekbasert læring</i> «Gåter med lyd» s.33 i idebank til det metodiske opplegget</li> </ul> <p><b>Sjølvsregulering:</b> Med fokus på merksemd og impuls kontroll</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Leik: «Klar ferdig gå leiken» s. 83 i <i>Lekbasert læring</i> «Fuglen Fønix fikser alt» s. 45 i idebanken til den metodiske opplegget.</li> <li>• <b>Realfag;</b> Vatn, måling og statestikk</li> <li>• Vatn i ulike former</li> <li>• Lage statestikk og søylediagram med konkrete eksempel frå kvardagen. ( Kor mange gitar, kor mange jenter. Kven har blå støvlar, raude... osv) s.163 i <i>Lekbasert læring</i></li> <li>• Lage værstasjon</li> </ul> <p><a href="#">Fleire idear finn du i idebanken til det metodiske opplegget.</a></p>
<p><b>Mars</b></p>	<p><b>Sosial kompetanse:</b> i tråd med program ein bruker i barnehagen (<i>Være sammen, Steg for steg, De utrolige årene, Det er mitt valg</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på ansvar og samarbeid- Dramatisering og rolleleik ( eksempel frå Språkleik Eventyr)</li> </ul> <p><b>Språk:</b> Dialogisk lesing- Språkleg bevisstheit med særleg fokus på fyrste lyd.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Munnmotorikk</li> <li>• Leik: «Bokstavjakt» s.73 i <i>Lekbasert læring</i></li> <li>• Stopp punkt (sjå plan)</li> </ul> <p><b>Sjølvsregulering:</b> Fokus på konsentrasjon og impuls kontroll</p> <p>Leik: «Min hatt den har tre kantar» s. 81 i <i>Lekbasert læring</i></p> <p><b>Realfag:</b> Måling, Tal og teljing og statestikk</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fortsette med værstasjon</li> <li>• Fortsette arbeidet frå februar</li> <li>• Leik: «Tall og telling» s.172-175 i <i>Lekbasert læring</i></li> </ul> <p><b>Treffpunkt med skulen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehagen har treffpunkt med skulen på deira leikeplass ute</li> </ul> <p><a href="#">Fleire idear finn du i idebanken til det metodiske opplegget.</a></p>

<p><b>April</b></p>	<p><b>Sosial kompetanse:</b> i tråd med program ein brukar i barnehagen (<i>Være sammen, Steg for steg De utrolige årene, Det er mitt valg</i>)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Lytte til andre, bli sett av andre og dele</li> </ul> <p><b>Språk:</b> Dialogisk lesing- Språkleg bevisstheit med særleg fokus på setningar og ord. Lage fortellingar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Munnmotorikk</li> <li>• Leik: «Eg er et ord i setningen» s 65 i <i>Lekbasert læring</i></li> </ul> <p><b>Sjølvsregulering</b> Oppmerksomheit og hukommelse</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Leik: «Hermegåsa» s. 82 i <i>Leikbasert læring</i> «Kongen befaler» s. 87 i <i>Lekbasert læring</i></li> </ul> <p><b>Realfag:</b> Biologi, forskning, rom og form</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Naturen om våren- spiring</li> <li>•</li> </ul> <p>Fleire idear finn du i idebanken til det metodiske opplegget.</p>
<p><b>Mai</b></p>	<p><b>Sosial kompetanse;</b> i tråd med program ein bruker i barnehagen (<i>Være sammen, Steg for steg, De utrolige årene, Det er mitt valg</i>)</p> <p><b>Kva venter i skulen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samtaler om frykt og forventningar til skulen</li> <li>• Framtids draumar</li> </ul> <p><b>Språk:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Språkleg bevisstheit; særleg fokus på bokstavar og lyd</li> <li>• Lytte til fleire lydar i ord</li> <li>• bokstavjakt</li> </ul> <p><b>Sjølvsregulering;</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Regelleik ute med fokus på tap og vinn med same sinn</li> </ul> <p><b>Realfag</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mangfald i naturen.</li> </ul> <p><b>Treffpunkt med skulen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehagen besøker skulebygget og sfo.</li> </ul> <p>Fleire idear finn du i idebanken til det metodiske opplegget.</p>
<p><b>Juni</b></p>	<p><b>Sosial kompetanse;</b> i tråd med program ein brukar i barnehagen (<i>Være sammen, Steg for steg, De utrolige årene, Det er mitt valg</i>)</p> <p><b>Kva venter i skulen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samtalar om frykt og forventningar til skulen</li> <li>• Framtids draumar</li> </ul> <p><b>Språk:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Språkleg bevisstheit; særleg fokus på bokstavar og lyd</li> <li>• Lytte til fleire lydar i ord</li> <li>• bokstavjakt</li> </ul> <p><b>Sjølvsregulering;</b></p>



- Regelleik ute med fokus på tap og vinn med same sinn

**Realfag**

- Mangfald i naturen.

**Treffpunkt med skulen**

- Barnehagen besøker skulebygget og sfo.

[Fleire idear finn du i idebanken til det metodiske opplegget.](#)